



**Kommunaldepartementet
OSLO**

KOMM. OG REG. DEP

**23 JAN 2006
05/3280 - 37**

Ark. 661.0

Avd. KO / KØ / HER

**Sakshands.: ALS
Arkiv: N-100**

Vår ref.: 2005002048-4

Dykker ref.:

Dato: 20.01.2006

HØYRING - NOU 2005: 18 FORDELING, FOREKLING, FORBETRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Formannskapet i Sund drøfta saka i møte, 17. januar d.å. Grunnlaget for drøftinga og for saka var Nou 2005:18 Inntektssystem for kommunane, der kommunen kan gje uttale.

Sund kommune vil gje følgjande uttale:

Sund kommune er i vekst. Slik det nye inntektssystemet ser ut, vil vekstcommunane kome därlegare ut enn gjennomsnittet.


Kommunane har dei siste 10 åra fått aukande økonomiske problem. Årsaka til dette er at sentrale vedtak er gjort og sett i verk utan full økonomisk dekning. Over tid har dette ført til ein heilt uakseptabel utvikling og situasjon. Nokre kommunar har greidd seg bra ved å selje ut eideom, effektivisere og nedbemann og satse på børs og fond, som i gode tider klarer seg med utbytte dette gjev.

Dessutan har enkelte politiske parti, på Storting og i Regjering, særleg ført ein politikk ovanfor kommunane som bevisst har ført til struping av kommuneNorge både for å få til samanslåing mot kommunane sin vilje, og for å avgrense auka communal aktivitet.

Men samla sett er det også slik at sentrale styresmakter ikkje har forstått utviklinga som har skjedd i kommuneNorge over tid, som følgje av eigne politiske vedtak. Derfor får både kommune og stat i desse tider føle følgjene av politikken som har vore ført ovanfor kommunane og kommuneøkonomien, og som viser seg i eksempel innanfor helsevesenet, skule, offentleg forvaltning innan drift og vedlikehald, infrastruktur osv. Det vert framleis gjort vedtak som stadig forverrar denne situasjonen.

Eit stort, og mange vil hevde for stort, byråkratisk system på sentralt hald freistar å utgreie den økonomiske utviklinga i kommunane på ein meir og meir uforståeleg måte, som endar med at ingen lenger har oversikt eller forstår situasjonen. Denne Nou er eit godt døme på det.

Staten må syte for å endre på denne utviklinga, enten ved å tilføre kommunane ressursar som står i forhold til oppgåvene, eller redusere oppgåvene slik at desse passar til ressursane. Det må vere eit mål å gje innbyggjarane tilnærma like tilbod og som er tenlege for folket.



Albrig Sangolt